

Var litt for hastig

AUSTRHEIM: Ein bilfører i slutten av 30-åra vart tysdag morgon plutselig utan førarkort. – Mannen vart tatt i 76 km/t i 50-sona under ein laserkontroll på Austrheim klokka 07.30 tysdag morgon, seier lensmann Kjell-Idar Vangberg i Nordhordland lensmannsdistrikt.

Tre andre bilførarar fekk forenkla førelegg.

Sommaropen på permanent basis

FEDJE: Fedje Barnehage tilbyr no sommaropen barnehage på permanent basis. Ordninga vil bli gjennomført som ei prøveordning for sommaren 2017 og endringa vil bli evaluert hausten 2017. Innan utgangen av februar 2018 skal barnehagen si vedtekstendring opp til ny politisk handsaming.

Ber folk om å melda inn arrangement

NORDHORDLAND: Skal ditt arrangement med i programheftet, må du komma med det innan 1. mai. Det er meldinga frå Kjell Magnus Økland, som er dagleg leiar i Kystsogevakene. Medan leveringsfristen for det som skal med i programheftet i 1. mai, er fristen for å søka arrangementsstønad frå Kystsogevakene 1. juni.

Det vert feiring av kystkulturen i 22 kommunar frå Gulen i nord til Sveio i sør under Kystsogevakene, som i år går frå laurdag 12. august til søndag 17. september. Opninga er i år lagt til Strusshamn på Askøy.

Du finn meir informasjon på www.kystsogevakene.no.

Får pengestøtte til kulturminneplan

NORDHORDLAND: Lindås og Masfjorden får midlar til Riksantikvaren til å laga kulturminneplan. Når desse to har gjort denne jobben er det nesten alle kommunane i Hordaland som har sin kulturminneplan klar, etter at Riksantikvaren har gjeve over 300 kommunar pengar til å få sving på dette arbeidet.

I denne tildelingsrunden er det 57 kommunar som får midlar frå Riksantikvaren, i vår region gjeld det Lindås og Masfjorden.

Gjennom arbeidet med kulturminneplan skal kommunane skaffa seg oversikt over kulturminne og kulturmiljø, og avgjera kva som er verneverdig og korleis dette skal forvalta. I mange kommunar skjer arbeidet i samarbeid med historielag og andre frivillige organisasjonar.

Tilskotet frå Riksantikvaren er på 100.000 kroner til kvar kommune, som eit eingongsbeløp.



SPESIELL: Klasse 6A på Knarvik barneskule består berre av jenter. Sånn har det vore sidan førsteklassen.

– Uvanleg med rein jenteklasse

Professor i kjønnsforskning, Harriet Bjerrum Nielsen, har ikkje hørt om kjønnsdelte klassar sidan 50-talet.

Av Siri Merete Bjørnstad
siri@i-a.no



INGEN FORDEL: Professor ved Senter for tverrfagleg kjønnsforskning, Harriet Bjerrum Nielsen, ser ikkje nokon god grunn til å ha reine jente- eller guteklassar.

Harriet Bjerrum Nielsen trur det er ganske uvanleg i norsk samanheng å ha kjønnsdelte klassar.

– Kjønnsdelte klasse blei avskaffa på 1950-tallet og eg har ikkje høyrte om skular sidan som praktiserer det.

Ho er professor på Senter for tverrfagleg kjønnsforskning ved

Universitet i Oslo, og kan vise til studiar frå England om kva

effekt det har å gå i ein rein jenteklasse.

Opptatt av gitar

Det finst noko forskning frå England på kva effekt det har å gå i rein jenteklasse.

– Så vidt eg hugsar viser den at jenter får noko betre karakterar i reine jenteklasser, men at det ikkje nødvendigvis blir noko godt miljø. Det samme gjeld reine guteklasser kor det særleg går ut over dei svakaste gutane både med prestasjonar og trivsel.

Den faglege gevinsten nokon av jentene får med å gå i jenteklasse blir vege opp mot at dei blir veldig opptekne av gitar som kjærast.

– Det fører altså til ei forsterking av kjønnsbinaritet og understrekar kjønn som erotisk

element i staden for å fremje eit meir kvardagsleg søskenforhold mellom kjønna i blanda klassar, seier Bjerrum Nielsen.

«Feministar»

Det er heller ikkje uvanleg at jenter i 6. klasse er «feministar», uansett om det er gitar i klassen eller ei.

– Om eit par år vil desse jenteklassejentene sannsynlegvis vere veldig opptekne av desse framande, attraktive vesena og idealisere dei langt meir enn om dei hadde kjent dei frå barnsbein av, seier ho.

– Då jenter allereie får betre karakterar enn gitar, er det altså ingen gode grunnar for å gjenopplive ei skuleform vi gjeikk bort frå her i landet for 60 år sidan.

SuDoku

• Middels

	3	6						9
			6	7				
4	7		2					
9					1	5		6
	1						8	
8		5	3					1
					2		7	4
			8	3				
5						8	9	

• Vanskeleg

		5	1	3		4		
7		6				5		1
8			5		7			
1								9
			6		3			7
5		7				8		3
		1		6	2	9		

Svar på
førre
SuDoku

Middels

1	4	6	9	7	3	2	5	8
2	3	7	1	5	8	4	9	6
5	8	9	2	4	6	1	3	7
8	2	3	5	6	1	7	4	9
9	1	5	4	2	7	8	6	3
6	7	4	3	8	9	5	1	2
3	9	2	8	1	5	6	7	4
4	6	1	7	9	2	3	8	5
7	5	8	6	3	4	9	2	1

Vanskeleg

9	5	4	6	8	3	2	1	7
1	8	3	2	7	5	6	4	9
6	7	2	4	9	1	8	5	3
5	1	7	9	4	6	3	2	8
4	3	8	5	2	7	9	6	1
2	6	9	3	1	8	5	7	4
7	2	6	8	3	4	1	9	5
8	4	5	1	6	9	7	3	2
3	9	1	7	5	2	4	8	6

Fyll ut dei tomme rutene med tal frå 1 til 9, både vassrett, loddrett og i kvadrata.